

Om skulen

Rosseland skule er ein 1 – 7 skule, som ligg sentralt i Bryne i Time kommune. Det er 9 skular i kommunen. Skulen ligg i eit etablert bustad-område, men det er òg aukande utbygging i området, og dermed stadig vekst i elevtalet. Det er kort skuleveg for alle elevane, og dei aller fleste går eller sykklar til skulen. Skuleåret 2017-18 har me 558 elevar.

Hausten 2010 flytta me inn i heilt nytt skulebygg, som er godt utstyrt, med m.a. digitale tavler i alle klasserom. Skulen er ein baseskule med 3 klasserom, fleire grupperom, og arbeidsrom og møterom for lærarane i basen. Trinna skifter base kvart år.

Frå og med skuleåret 2016/17 var det ikkje plass til alle elevane våre på skulen. 7.trinn får difor undervisninga si i Timehallen, som ligg om lag 400 meter frå skulen. Dette gir oss ein ny utfordring, i forhold til å inkludera desse i Olweusarbeidet, og sørgja for at det er gode rutinar for å skapa eit godt elevmiljø der òg.

Skulen har 48 stillingsheimlar, medan SFO har 6.

Skulen har nedfelt ein visjon, eit elev- og læringssyn og ei pedagogisk plattform (sjå utviklingsplanen.) Dei tre utviklingsområda våre er «Lesing som grunnleggjande ferdigheit» og «Tilpassa opplæring for endra organisering av spesialundervisning», og «Digitalt leiarskap».

Hausten 2012 blei skulen med i det såkalla «Trivselsleder-programmet» som har fokus på fysisk aktivitet med organiserte aktivitetar i skulegården i storfriminuttet. Elevar blir nominerte av medelevar som trivselsleiar, og får opplæring i å leia aktivitetane. Dette er eit viktig tiltak for skulen. Har elevane positive aktivitetar å driva på med i friminutta, trur me det vil bli mindre mobbing. Me har fått mange positive innspel på dette tiltaket både frå elevar, foreldre og tilsette. Det er FAU som finansierer den årlege avgifta på kr. 16.000 for å delta i programmet. Det set skulen stor pris på, og det viser og at foreldra er engasjerte i å skapa eit best mogleg skulemiljø.

Skulen er organisert i trinn – der kvart trinn har ansvar for å forvalta ressursane på best mogleg måte. Det skal takast omsyn til elevgruppa, den einskilde elev, personalressursane og dei fysiske rammevilkåra – jf den didaktiske relasjonsmodellen – ved planlegging og gjennomføring av det faglege og sosiale læringsarbeidet.

I tillegg er skulen organisert i team; 1.trinn er eit team - 2.-4.trinn er eit team, 5. – 7. trinn er eit team, SFO er eit team, og miljøterapeutane er eit team.

Nærare beskriving ligg i personalhandboka. Ein oppdatert versjon av personalboka blir lagt ut på One note ved starten på nytt skuleår. Nye tilsette får handboka i papirutgåve.

Rektor er leiar av skulen, og utgjer saman med ass. rektor og 2 undervisningsinspektørar eit leiarteam. Me spelar på lag, og har som mål å gjera kvarandre gode. Saksbehandlaren på kontoret har arbeidstid kvar dag mellom 07.00 – 15.00. Det er utarbeidd oversikt over ansvarsområda.

Ass. rektor er koordinator for spesialpedagogikk/tilpassa opplæring. Skulen har sosiallærer i 50 % stilling

Frå hausten 2017 er Thòrunn Thòrsdottir tilsett som SFO-leiar i 100% stilling.

Andre funksjonar er:

- 26 kontaktlærarar
- 6 samlingsstyrarar

Skulen har tilsett 6 miljøterapeutar i 40-50 % stilling og 7 miljøarbeidarar/assistentar i delstillingar. Miljøterapeutane dannar eit eige miljøterapeutteam, der lærarane kan søka hjelp til observasjonar, eller ulike tiltak i periodar på 6 veker. Skulen har og starta opp PIS-grupper, som er eit samarbeid mellom sosiallærar og helsesøster. Dette er eit samtaletilbod til barn med skilte foreldre

Ein av inspektørane, Hanne Fjordholm, er Olweus – koordinator.

Koordinator for spes. ped., sosiallærar og leiinga utgjer ei gruppe som har møte kvar veke, for å halda seg orientert om elevar som har særskilde behov – og koordinera kven som følgjer opp desse elevane. Det betyr at alle er godt orientert om kva som rører seg rundt på skulen, og korleis læringsmiljøet er.

Det er utarbeidd årshjul for ulike område. Det er oppretta skulemiljøutval, jf Opplæringslovas § 11-1a. Det skal bidra til å skape ryddige forhold mellom skule og heim. Det er eit mål at skulemiljøutvalet skal utøve innverknad gjennom å vere ein utviklingspartner i skulemiljøarbeidet og kvalitetssikre rutinar og prosedyrar. I skulemiljøutvalet er elevane, foreldra, dei tilsette, skuleleiinga og kommunen representerte. Skulemiljøutvalet er sett saman slik at representantane for elevane og foreldra, til saman er i fleirtal.

Elevane er den primære gruppa i skulen si verksemd, og læringsutbyttet deira er avhengig av eit godt læringsmiljø. Elevrådet vel minst to representantar til skulemiljøutvalet. Elevane blir tatt med i planlegging og gjennomføring av det systematiske arbeidet ved skulen jf § 9a-5 om elevdeltaking i skulemiljøarbeidet. Som elevrådsrepresentantar eller elevrepresentantar i skulemiljøutvalet skal det vera mogleg for elevane å påverka og bidra i dette arbeidet.

PROGRAMERKLÆRING

Mål for mobbearbeidet ved skulen:

Rosseland skule arbeider målretta for å sikra at skulen skal vera eit mobbefritt område.

Arbeidet mot mobbing følger Olweus – programmet, og alle ved skulen er forplikta til å jobba etter fastsett opplegg.

MOBBING

”Ein person er mobba eller plaga når han eller ho, gjentatte gonger og over ei viss tid, vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire andre personar”

KVALITETSIKRINGSSYSTEMET

Intern kvalitetssikring

På spesifiserte område:

- Klassemøter
- Samtalegrupper
- Inspeksjon
- Rutinar ved mobbing
- Rutinar ved mistanke om mobbing
- Samarbeid med foreldre
- Kartlegging

Skulen har utarbeidd ein Olweus – standard og spesifisert aktivitetane i eigen plan:

OLWEUS STANDARD

1. To gonger i året skal det arrangerast eigne personalmøte for alle tilsette ved skulen der hovudelementa i det tidlegare og framtidige antimobbearbeidet blir gjennomgått og diskutert.
2. Det blir gjennomført minimum 5 møte utover skuleåret i form av pedagogiske samtalegrupper for personalet inndelt i grupper.
3. Det blir halde eit innføringskurs som omhandlar Olweus- programmet for nytilsette. Dette går over 3 økter á 2 timar
4. Det blir gjennomført undersøking med Olweus’ spørreskjema om mobbing blant elevane ein gong i året.
5. Resultatet og analysen av undersøkinga vert presentert for tilsette, elevrådet og foreldra. Drøfting og iverksetting av ev. nye tiltak
6. Vaktplanen blir gjennomgått, kritisk vurdert og eventuelt revidert minst ein gong i året.
7. Lærarane og resten av personalet gjer aktiv bruk av dei fire skulereglane mot mobbing og handhevar dei så konsekvent som mogleg.
8. På 1. – 3. trinn er fokuset på utvikling av sosial kompetanse og godt miljø. Sosiallærer nyttar Amandus som gjennomgangsfigur og besøker alle gruppene. På 3. trinn presenterer Olweus-koordinator elevane for ”han Olweus”.
9. Kontaktlærer for elevrådet har minimum 2 Olweus – møte i elevgruppa pr. år om mobbing og liknande tema.
10. Mobbing skal vera eit fast tema i dei faste elevsamtalane.
11. Dei føresette vert orientert om skulen sitt førebyggjande og problemløysande antimobbearbeid, minst på 1 foreldremøte pr. år og i dei faste utviklingsamtalane
12. Skulen skal kjenna og kunna bruka dei prosedyrane som er skildra i Olweus – programmet og som skal brukast i arbeidet med mobbesakar.
13. Skulen sin kvalitetsplan viser korleis skulen vil arbeide for å sikra kvaliteten på tiltaka i denne standarden.

NÆRARE SPESIFISERING

Når	Aktiviteter:	Ansvar
Haustsemesteret (tidleg på hausten) Vårsemesteret	Personalmøte for alle tilsette ved skulen. <ul style="list-style-type: none"> • Inspeksjonsordninga • Skulereglar mot mobbing • Prosedyrar for å avdekke, handtere og førebygge mobbing • Målsetting: Like haldningar, reglar og reaksjonsmåtar i forhold til mobbing blant dei vaksne. • Møte på hausten: Oppsummering og evaluering av kor godt Olweus - programmet fungerer på skulen. • Møte på våren: Eit oppsummerande og kritisk vurderande møte, der erfaringar frå antimobbearbeidet på skulen blir gjennomgått og evaluert med tanke på oppnådde mål og resultat. 	Olweus - koordinator Leiinga
5 møte gjennom skuleåret.	Pedagogiske samtalegrupper for personalet. <ul style="list-style-type: none"> • Hovudfokus: Mobbeproblematikk • Personalet blir inndelt i grupper. (Min. 6 personar i kvar gruppe) • 90 min. • Gitt tema som er relatert til mobbing. • Fast struktur. 	Olweus - koordinator Nøkkelpersonane
Ein - dags innføringskurs – (delt på 3 økter på 3 timar)	Innføringskurs for nytilsette <ul style="list-style-type: none"> • Komprimert innføring i Olweus – programmet 	Olweus – instruktør
Mobbeundersøking	Mobbeundersøking blant elevane <ul style="list-style-type: none"> • Ein gong i året på same tid, i februar 	Olweus - koordinator
Haust / vår	Vaktplanen blir gjennomgått, kritisk vurdert og eventuelt revidert. <ul style="list-style-type: none"> • Minst ein gong i året. 	Leiinga
To gonger i månaden Juni Desember og juni	Klassemøte med Olweus på programmet. Alle trinna har eigen Olweusperm* Ev. revidering av permen blir utført Olweus-permane på trinna vert sjekka for ev. avvik. Dersom avvik: Melding til rektor, som fyller ut avviks-skjema og lagar tiltaksplan ved komplekse avvik. Oppfølging og kontroll: Er avvika lukka?	Kontaktlærarane Koordinator Koordinator Rektor Rektor
To gonger i året på elevrådet	Elevrådsmøte der mobbeproblematikk vert tatt opp.	Kontaktlærer for elevrådet

	Olweus-koordinator blir med på møta, og skriv referat	Koordinator
Elevsamtalen	Mobbing skal vera eit fast tema på elevsamtalen.	Kontaktlærarane
Foreldremøte/ utviklingssamtale	<ul style="list-style-type: none"> • Dei føresette skal haldast orienterte om skulens førebyggjande og problemløysande antimobbearbeid. • Kontaktlæraren gir meir detaljert informasjon til dei føresette om førebyggjande arbeid, skulen sine reaksjonsformar og informasjonsrutinar ved mobbesakar. • Mobbing må takast opp på alle utviklingssamtalar. 	Rektor Olweus - koordinator Kontaktlærer
Mai	Kvalitetsrevisjon	Olweus – instruktør Rektor og Olweus - koordinator

***ARBEID MED OLWEUS STANDARDAR**

- Kvart trinn har eigen Olweusperm som skal nyttast i mobbearbeidet. Denne inneheld:
 - Sjekkliste kontaktlærer
 - Mal for referat frå klassemøta
 - Referat frå
 - Olweus – møta (Skal leverast Olweuskontakt fortløpande)
 - Tema på klasseforeldremøte ein gong i året
 - Tips til tema på alle møta
 - Mobbing som tema på elevsamtalen
 - Tiltaksplan mot mobbing – Rosseland skule

Trinnpermen:

Ansvar: Koordinator har ansvar for at alle trinna har Olweusperm

Avviksjekk:

Ansvar: Koordinator går gjennom Olweus-permane i desember og juni. Rapport til rektor.

Oppfølging avvik:

Fører avvik-skjema, lagar tiltaksplan, og følger opp at avvika blir lukka

Ansvar: Rektor

- Skulen sin Olweusperm
 - referat frå dei fem samtalegruppene i løpet av eit skuleår
 - referat frå personalmøte vår og haust
 - referat frå innføringskurs for nytilsette
 - referat frå elevråd

Ansvar: Koordinator

- Ev. revidering av tiltaksplanen for skulen

Ansvar: Rektor

OVERSIKT OVER RAPPORTERINGSANSVAR OG BESLUTNINGSNIVÅ

Aktivitet	Ansvar for rapportering	Tidspunkt
Sjekkliste rektor	Rektor	Ved slutten av skuleåret
Sjekkliste kontaktlærer	Kontaktlærer	Desember og mai
Referat Olweus-møte	Kontaktlærer	Rett etter gjennomført møte
Sjekkliste personalmøte haust	Koordinator	Rett etter gjennomført møte
Sjekkliste personalmøte vår	Koordinator	Rett etter gjennomført møte
Referat samtalegrupper	Koordinator	Etter gjennomførte møte
Introduksjonskurs	Instruktør	Rett etter gjennomført kurs
Referat introduksjonskurs	Instruktør	Rett etter gjennomført kurs
Sjekkliste elevråd	Kontaktlærer for elevrådet	Etter gjennomførte møte
Referat møte i elevråd	Kontaktlærer for elevrådet	Etter gjennomførte møte
Melding om avvik	Den som oppdagar avviket	Umiddelbart
Avviksbehandling	Rektor/Olweus-ansvarleg	Kontinuerleg
Saksbehandling kapittel 9a	Rektor	Kontinuerleg

Rektor er ansvarleg for at prosedyrane vert kjende og nytta av personalet ved skule.

Førebygging av mobbing

Alle barn og unge på Rosseland skule skal føla seg trygge og ha eit godt og inkluderande skulemiljø med nulltoleranse for mobbing. Tryggleik er viktig for motivasjon, trivsel, innsats og personleg utvikling.

Ein føresetnad for å skapa eit godt miljø, er systematisk førebyggjande arbeid. Førebygging av mobbing er i stor grad eit haldningsarbeid der både tilsette, foreldre, barn og unge må ta eit felles tak. Eit godt sosialt miljø er alle sitt ansvar, både elevar og tilsette i skulen. Kvar enkelt er personleg ansvarleg for handlingane sine.

Årshjul

Alle skulane i Jærskulen følgjer eit årshjul/ ein plan som viser korleis skulen kontinuerleg gjennom skuleåret arbeider med å førebyggja mobbing for å skapa eit trygt og godt skulemiljø for elevar og tilsette.

I arbeidet mot mobbing legg Jærskulen vekt på:

- å bygga opp eit godt læringsmiljø
- å ha kontinuitet i arbeidet og prioritere dette høgt
- å følgja nøye med på det som skjer på skulen for å avdekke mobbing
- å løysa mobbesaker raskt
- å samarbeida godt med foreldra

Medverknad

Ein viktig del av det systematiske skulemiljøarbeidet, er involvering av elevane og dei ulike organa ved skulen. Desse har rett til å bli informert, involvert og høyrte. Skulen har plikt til å leggja til rette for medverking. Foreldre og elevar må engasjera seg aktivt i dette viktige arbeidet.

[§ 9a-8. Elevdeltaking i arbeidet med skulemiljøet](#)

Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø. Elevrådet kan oppnemne representantar til å vareta elevane sine interesser overfor skolen og styresmaktene i skulemiljø saker. Dersom det finst eit arbeidsmiljøutval eller liknande organ ved skolen, kan elevane møta med opp til to representantar når utvalet behandlar saker som gjeld skulemiljøet. Representantane skal bli kalla inn til møta med talerett og rett til å få meininga si protokollert. Dei skal ikkje vera til stades når utvalet behandlar saker som inneheld opplysningar som er omfatta av lovfesta teieplikt.

Representantane skal få den informasjonen dei treng, men ikkje opplysningar som er omfatta av lovfesta teieplikt. I den mon det trengst, har dei rett til opplæring for å skjøtta oppgåvene og fritak frå undervisninga.

[§ 9a-9. Informasjonsplikt og rett til å uttale seg](#)

Skolen skal informera elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skolane skal òg informera om aktivitetssplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melda saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6. Dersom skolen finn ut at noko ved skulemiljøet kan skade helsa til elevane, skal elevane og foreldra snarast mogleg varslast om det.

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skulemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skulemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skulemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som er viktige for skulemiljøet.

Handtering av mobbing

Her finn du informasjon og ressursar knytt til korleis saker om krenkingar og mobbing skal behandlast og løysast på skulen.

Alle som arbeider på skulen, skal følgja med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripa inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

[Opplæringslova § 9a-4](#)

[Aktivitetsplikta](#) til skulane er ei lovendring frå og med 1.august 2017. Det vil seia at skulane skal:

- Følgja med
- Gripa inn
- Varsla
- Undersøkja saka
- Laga ein plan for kva som skal gjerast
- Dokumentera kva som er gjort
- Skulen har plikt til å undersøkje saka og til å laga ein aktivitetsplan dersom ein ser at retten til å ha eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring ikkje er tilstades for eleven.

Skulen må følgja opp tiltaka som blir sett inn for å stoppa mobbinga og sjå til at dei verkar etter intensjonen. Tiltaka skal evaluerast. Nye tiltak skal setjast inn dersom mobbinga ikkje tar slutt.

Beredskapsteam

Jærskulen har oppretta eit eige [beredskapsteam](#) som skal kunna bidra i krevjande mobbesaker.

Mobbeknapp

På heimesida til skulen finst det ein raud knapp, kalla mobbknapp. Her kan elevar eller føresette melda frå om mobbing. Ved å senda ei melding frå denne mobbknappen, vil det gå ein e-post til rektor.

[Skulen si heimeside](#)